

**Straum- og nettproblem i dag**

27.06.2011

**Det har vore store problem både med straumforsyninga og data-formidlinga i Uskedalen i dag på grunn av lynnedsdag.. Oppe i dalen var straumen borte frå klokka 17.30 til 21.15 og vakthavande i Kvinnherad Energi opplyssar at grunnen var ein isolatorfeil på lina i Haugland-området. Den tok det tid å lokalisera.**

Nede i bygda var straumen inne att i stuttare periodar.

Også Kvinnherad Breiband hadde sitt å stri med i det same tidsrommet. Folk kom ikkje ut på nettet eller fekk sjå TV og irritasjonen over det var stor. Også uskedalen.no har vore ramma av problema.

Kvinnherad Breiband har sendt ut denne meldinga:  
- Grunna feil i straumnettet etter lynnedsdag har nettet vårt vore ustabilt i kveld. No skal alle tenester igjen vera oppe. Vi beklagar avbrotet og jobbar med å sikra oss ytterlegare for stabil drift under uventa straumbrot.

Av Ola Matti Mathisen